



Kyrkja går nye vegar i arbeidet med trusopplæringa. Her møter presten Reidar Ådnanes og løva frå Narinafilmen borna på kyrkjetrappa i Uskedalen.

Eit nytt tiltak i trusopplæringa for 7. klasse elevar vart prøvd ut i Uskedalen i går, fredag 1. november. Bortsett frå Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy var det påmelding frå heile kommunen, tilsaman 34 elevar. Samlinga vart leia av Kristine Hestad, Toril Langeland og Jan Ove Fagerheim. Elles var både prest Reidar Ådnanes og kyrkjeverje Erlingur Nielsson med i framføringa. Uskedal sokneråd hjalp til med matsevering og det praktiske.

Med bakgrunn i den siste bispevistasen vart det i rapporten påpeika at kyrkja i Kvinnherad mangla eit program for 7. klassane. Kyrkjekontoret vende seg til Askøy og bad om å få bruka deira opplegg.



Hallen var ein kamparena med meir enn 10 ulike oppgåver.

Dagsprogrammet var tredelt med film, aktivitetar og bønnevandring i kyrkja. Innimellom var det mat, leikar og samling ute på Grøntgrasbanen.



Opgåvene var mange for å samla seg nok poeng til å koma inn i det gode Narina.

Frammøte i Uskedal skule tok til med å snurra film, Narnia filmen Løva, hekse og klesskapet. Innspelinga er frå 1990 talet og mange av dei eldre vil minnst filmen i serie som eit ungdomsprogram på TV. Tema er kampen mellom det gode og det vonde. Innhaldet har sine parallellar til kjende bibelforteljingar. Å vera med inn i den forheksa Nariaskogen med hekse Kvit og den gode Narnia er alltid like gripande.

Så var det å koma seg på plass i Aktivitetshuset der det var laga til ein kamparena med mange oppgåver som gav poeng. På kyrkjetrappa var det møte med soknepresten og løva frå Narnia filmen. Uansett kor mange poeng mange hadde frå konkurransen, var dette ikkje avgjerande for om ein skulle få koma inn i kyrkja. Invitasjonskoret med tilvising til Johannes 3,16 var det som skulle til.

Heile 11 stasjonar/oppgåver var ein del av bønnevandringa, alt for å understreka budskapet om å skilja det vonde frå det gode og at Gud sende sonen sin, ikkje for å døma, men for at verda skulle bli frelst ved han.

Kyrjekontoret og trusoppleiarane skal ha ros for å finna og prøva ut ein metodikk med aktivitetar som fungerer for denne aldersgruppa. Kyrkja si trusopplæring er eit tilbod til alle døypte born. Det er frivillig om ein vil ta imot invitasjonen til eit mangfald av tilbod.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Lystenning og stille bøn var ei av mange oppgaver på bønevandringa i kyrkja.